

TALE HALDEN VED VIGSLA

AV KYRKJEGARDEN I GETTYSBURG

For åttisju år sidan bar våre fedrar fram på dette fastlandet ein ny nasjon, fødd i fridom og vigd åt den tanken at alle menneske er skapte som likemenn.

No står vi midt i ein stor borgarkrig, der vi skal røyna ut om denne nasjonen, eller nokon nasjon som er såleis fødd og vigd, kan lenge vara. Vi møtest på ei stor slagmark i den krigen. Vi er komne for å vigsla eit stykke av den marka til ein siste kvilestad åt dei som her gav sine liv for at den nasjonen skulle leva. Det er heiltopp høveleg og rett at vi så gjer.

Men i ei vidare meining kan ikkje vi vigja, ikkje vi vigsla, ikkje vi helga denne jord. Dei djerne menn, levande og døde, som stridde her, har sjølv vigsla ho; fattig blir det som vi maktar å leggja til eller draga ifrå. Verda skal lite ansa og ikkje lenge minnst det vi her seier; men ho skal aldri gløyma det dei her gjorde. Heller er det vi, dei levande, som her skal vigjast åt det halvgjorde verk som har vorte bore fram åt oss i så edel dåd av dei som her stridde. Heller skal vi vigjast her åt den store gjerning som enno ligg framfor oss—at vi lærer av desse døde, som vi heidrar, å gje oss sjølv med heilare hug åt den sak som *dei* ofra det største eit menneske kan gje—at vi her høgt og heilagt lovar kvarandre at desse døde ikkje skal ha døytt fåfengt—at denne nasjonen, under Guds hand, skal fødast til ein ny fridom—og at styre av folket, ved folket, for folket aldri skal kverva frå jorda.

ABRAHAM LINCOLN.

*19. november 1863.**Til ved Sigmund Skard*